

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for natur
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 20.10.04 **Tid:** 15.00 – 19.30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 7 , inkl. varamenn:

Andre som var tilstade på møtet:

Ordførar og administrasjonssjef

Leiar av teknisk eining møtte under handsaming av sakene 47 og 49/04

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 21. oktober 2004

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes vedteken.

UTVALET SITT KVARTER

Øyvind Røen ba om informasjon om det vert gjort noko med vegnamn i kommunen. Adm.sjefen orienterte om at konsulent i staben til adm.sjefen har fått i oppdrag å jobba med denne saka. Naturutvalet vil verta halden orientert og trekt inn i arbeidet med saka.

Idar Reistad viste til at neste år er det friluftslivets år. Han ba om at det vert undersøkt om kven som kan søkje om midlar og evt. formidla denne informasjonen vidare til lag og organisasjonar.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Ordføraren viste til tidlegare utlevert førespurnad om etablering av minikraftverk i Smådalselva. Grunneigar har bedt om mogleg å få ei tilbakemelding om kommunen sitt syn. Utvalet drøfta spørsmålet. Det var semje om at det var vanskeleg å gje ei tilbakemelding utan at det ligg føre meir konkrete planar.

Utvalet ønskjer at ad. Hoc utvalet for energispørsmål m.m. arbeider ut retningslinjer for minikraftverk og småkraftverk i kommunen.

Ordførar orienterte om arbeidet med oppfylgging av reguleringsplanen på Ytre Tysse. Det er ønskjeleg at det utvalet vel ein person i gruppa. Olaug Karin Øystese vert vald som representant for naturutvalet.

Adm.sjef viste til tidlegare spørsmål i naturutvalet om teknisk eining si innleige av maskiner. Det er laga ein oversikt som viser slik innleige for brøyting, maskinvarer, veglysvedlikehald og innan kyrkja for 2002 og 2003. Adm.sjefen ga merksam på at inkl. i summene inngår som oftast utgifter til personell sidan me leigar maskin + maskinkjører.

Det vart og orientert om arbeidet med å skaffa ny leiar av teknisk eining. Førebels ligg det ikkje føre namn på aktuelle søkjarar. Arbeidssituasjonen for personellet ved teknisk eining er pressa, og sidan dei no manglar folk vil det medføre lenger sakshandsamingstid.

Neste møte i arbeidet med kommuneplanen vert mandag 01.11.2004 kl 12.00. Det vert samstundes synfaring.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0045/04	04/00226 SAMLA PLAN FOR VASSDRAG: OVERFØRINGAR TIL SAMNANGERVASSDRAGET.
0046/04	04/00177 UTBYGGINGSPLANAR I SAMNANGERVASSDRAGET OG ALDALSELV.
0047/04	04/00231 BYGGJESAK NAUST GNR 24, BNR 155. GJERDE KLAGE PÅ VEDTAK I NATUR UTVALET SAK 41/04
0048/04	04/00217 KLAGE -DELINGSSAK GNR 33, BNR 15. HØYSÆTER
0049/04	04/00282 VEG TIL HYTTE GNR 37, BNR 21 HOLMANE. KLAGE PÅ VEDTAK I DELEGERT SAK NR.23/04
0050/04	04/00383 DELING AV GRUNNEIGEDOM GNR 31 BNR. 5
0051/04	04/00390 KONSESJONSAK GNR 33, BNR 1.
0052/04	04/00270 AVFALLSPLAN FOR BIR 2004-08.
0053/04	00/00533 REGULERINGSPLAN FOR BJØRKHEIM. NY HANDSAMING - UTGÅR, OVERFØRT TIL NY SAK
0054/04	04/00396 REGULERINGSPLAN FOR BJØRKHEIM. NY HANDSAMING

0045/04

SAMLA PLAN FOR VASSDRAG: OVERFØRINGAR TIL SAMNANGERVASSDRAGET.

Handsaming i møte:

Utvalet som skulle kome med framlegg til uttale, har ikkje fått den klar enda. Det var semje om at utvalet avgir tilrådinga si direkte til kommunestyret.

Vedtak:

Saka vert lagt fram for utvalet utan tilråding.

0046/04

UTBYGGINGSPLANAR I SAMNANGERVASSDRAGET OG ALDALSELV.

Handsaming i møte:

Utvalet som skulle kome med framlegg til uttale, har ikkje fått den klar enda. Det var semje om at utvalet avgir tilrådinga si direkte til kommunestyret.

Vedtak:

Saka vert lagt fram for utvalet utan tilråding.

0047/04

**BYGGJESAK NAUST GNR 24, BNR 155. GJERDE
KLAGE PÅ VEDTAK I NATUR UTVALET SAK 41/04**

Framlegg til vedtak::

Endra tegning dgs.18.09.04 vert godkjent. For øvrig gjeld vedtak i sak 41./04.
Med godkjenning av endra tegning er det fatta eit nytt enkelt vedtak som det er klagerett på.

Vedr.opplysning om rett til å klaga sjå vedtak i sak 41/04.

Handsaming i møte:

Sakshandsamar for saka Knut Steinsland var til stades ved handsaminga av denne saka.

Vedtak:

Endra tegning dgs.18.09.04 vert godkjent. For øvrig gjeld vedtak i sak 41./04.
Med godkjenning av endra tegning er det fatta eit nytt enkelt vedtak som det er klagerett på.

Vedr.opplysning om rett til å klaga sjå vedtak i sak 41/04.

0048/04

KLAGE -DELINGSSAK GNR 33, BNR 15. HØYSÆTER**Handsaming i møte:**

Det vart røysta over fylgjande to framlegg:

Det vert i høve til plan- og bygningslova paragraf 63 gjeve løyve til å dela ei bustadtuft på om lag 1.5 da frå gnr. 33 bnr. 15 i Samnanger kommune. Det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplan i høve til krav om reguleringsplan.

Det vert i høve til jordlova paragraf 12 gjeve løyve til å dela ei bustadtuft på om lag 1.5 da frå gnr. 33 bnr 15 i Samnanger kommune.

Klagen vert ikkje imøtekomen. Grunngevinga for dette er at det ikkje ligg føre særlege grunnar for dispensasjon.

Med 6 mot 1 røyst vedtok utvalet at det vart gitt løyve til å dela frå ei bustadtuft.

Vedtak:

Det vert i høve til plan- og bygningslova paragraf 63 gjeve løyve til å dela ei bustadtuft på om lag 1.5 da frå gnr. 33 bnr. 15 i Samnanger kommune. Det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplan i høve til krav om reguleringsplan.

Det vert i høve til jordlova paragraf 12 gjeve løyve til å dela ei bustadtuft på om lag 1.5 da frå gnr. 33 bnr 15 i Samnanger kommune.

0049/04

**VEG TIL HYTTE GNR 37, BNR 21 HOLMANE.
KLAGE PÅ VEDTAK I DELEGERT SAK NR.23/04****Handsaming i møte:**

Utvalet var samd i at klagaren bør verta imøtekomen.

Vedtak:

Klage på vedtak i delegert sak nr 23/04 om bygging av veg til hytte på gnr. 37 bnr. 21 Holmane vert imøtekomen.

0050/04

DELING AV GRUNNEIGEDOM GNR 31 BNR. 5**Framlegg til vedtak::**

Det vert i høve til plan- og bygningslova, §63, gjeve løyve til å dela eit hus med tuft på om lag 0,5 daa i frå gnr/bnr 31/5 i Samnanger kommune. Det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplan i høve til krav om reguleringsplan.

Det vert i høve til jordlova, § 12, gjeve løyve til å dela eit hus med tuft på om lag 0,5 daa i frå gnr/bnr 31/5 i Samnanger kommune. Vegen skal liggja på hovudbruket, gnr/bnr 31/5.

Vedtaket er sett med vilkår om at ikkje Fylkesmannen eller Fylkeskommunen går i mot frådelling.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det vert i høve til plan- og bygningslova, §63, gjeve løyve til å dela eit hus med tuft på om lag 0,5 daa i frå gnr/bnr 31/5 i Samnanger kommune. Det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplan i høve til krav om reguleringsplan.

Det vert i høve til jordlova, § 12, gjeve løyve til å dela eit hus med tuft på om lag 0,5 daa i frå gnr/bnr 31/5 i Samnanger kommune. Vegen skal liggja på hovudbruket, gnr/bnr 31/5.

Vedtaket er sett med vilkår om at ikkje Fylkesmannen eller Fylkeskommunen går i mot frådelling.

0051/04

KONSESJONSAK GNR 33, BNR 1.

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune gjev konsesjon til Ragna og Bjørn Rykkje for å kjøpe eigedomen gbnr. 33/1 i Samnanger. Vedtaket har heimel i konsesjonslova § 1.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Samnanger kommune gjev konsesjon til Ragna og Bjørn Rykkje for å kjøpe eigedomen gbnr. 33/1 i Samnanger. Vedtaket har heimel i konsesjonslova § 1.

0052/04

AVFALLSPLAN FOR BIR 2004-08.

Framlegg til vedtak:

Samnanger kommune godkjenner Avfallsplan 2004 – 2008 for Bergen interkommunale selskap, BIR, i høve til høringsutkast juni 2004.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Samnanger kommune godkjenner Avfallsplan 2004 – 2008 for Bergen interkommunale selskap, BIR, i høve til høringsutkast juni 2004.

0054/04

REGULERINGSPLAN FOR BJØRKHEIM. NY HANDSAMING

Handsaming i møte:

Leiar i naturutvalet og ordførar har hatt mange møte med oppsitjarar/ eigarar på Bjørkheim. Med seg på desse møta har dei hatt konsulenten som har arbeidd ut planframlegga, Nils Arne Instanes. På møtet i naturutvalet vart det informert om desse samtalane, og det var og presentert ei skisse til eit nytt alternativ. Møta har vist at det er liten vilje til samarbeid mellom eigarane, og det er vidare ikkje vore til stades ei interesse om å ivareta fellesskapet.

Utvalet sitt framlegg om å få etablert ei stor busslomme (ein ”minibuss-stasjon”) med undergang til butikksenteret var m.a. med tanke på å få auka handelen. Sidan det er vist så liten interesse for dette, og at fokus mest berre har vore på bortfall av parkeringsplassar, ønskjer utvalet å trekkja attende denne delen av planframlegget. Den vidare drøftinga gjekk på om det var mogleg å tenkja seg ei felles utvikling av område basert på opprinneleg planframlegg eller om planen skal inndelast i separate private område ut frå eigarstruktur.

Utvalet ber om at kommunestyret får seg framlagt to alternative løysingar, begge utan at det er teikna inn busslomme. Det må vidare avklarast ein del juridiske tilhøve, m.a. må det vurderast om planen må leggjast ut på nytt til offentleg ettersyn.

Vedtak:

Under føresetnad av at planen ikkje treng leggjast ut på nytt til off. ettersyn, vert kommunestyret bedt om å ta stilling til to alternative løysingar begge utan innteikna busslomme.